



REFERAT FRÅ DRIFTSSTYREMØTE - KLEPPE SKULE ONSDAG 09.06.21 KL.18.00 - 20.00

Stad: Konferanserommet, personalinngang

Tilstade: Ingeborg (elevrepr), Mathias (elevrepr), Anne Gunn O Slethei (ped.personal), Mette Erga Brunnes(Personal), Einar Erga (hovudutval Barn&Unge), Margareth S Roba (ped.personal), Ola Sotnakk (FAU), Aina Grude (FAU) og Sylvia Gjersdal (rektor)

SAKLISTE

Sak 19/20-21 Godkjenning av referatet frå 06.05.21

Referatet vart godkjent med marknad om omskriving sak 17/20-21 ..."sidan skulen ikkje har nokon endringar til skuleruta blir skuleruta teken til orientering..."

Sak 20/20-21 Utviklingsplanen for Kleppe skule 2020-2022

Planen er for to år, men skal reviderast før neste skuleår.

Rektor la fram oppsummering frå evaluering for 20/21 og konsekvensar for vidare arbeid med pedagogisk utviklingsarbeid.

Orientering om evalueringa som har vore, analysebakgrunn og prioriteringar.

Fagfornyinga og Sosial kompetanse/Inkludering kjem til å vere vidare hovudområde det neste året.

Digital kompetanse og språk og lesing er gjennomgåande gjennom heile utviklingsarbeidet, sjølv om det ikkje er eigne satsingsområder.

Drøfting/innspeil:

Sosial læreplan må bli meir synleg. Henge opp rundt på skulen, visualisering. Bruke på fellessamlingar, gjerne med drama, song etc. Dramatisere måla i klassane. Månadens eigenskap?

F. Eks synleggjere med banner/plakat ute el.l.

Fagfornyinga: tungt med gamle lærebøker/læreverk, behov for nye.

Driftsstyret tok saka til orientering.

Sak 21/20-21 Orienteringssaker

- **Nybygget** - status

Bygget er enno ikkje overlevert. Mangler og feil gjennomgått på ferdigbefaring må først utbetrast. Venter at bygget skal bli overteke torsdag 10.juni.

Uteområdet: kjekt med fargerikt nytt område!

- **Økonomi** - status

Som tidlegare noko meirforbruk. Omlag 2%.

Sak 22/20-21 Forslag møteplan 21/22

Sjølv om ikkje driftsstyret for 21/22 er konstituert er det ønskeleg å vedta møteplan. Denne kan justerast på første møte haust 2021. Planen blir samkøyrd med FAU.



23.09.21 kl. 18.00-20.00
17.11.21 kl. 18.00-20.00 (Skulemiljøutval)
01.02.22 kl. 18.00-20.00
20.04.22 kl. 18.00-20.00 (Skulemiljøutval)
09.06.22 kl. 18.00-20.00

Møteplanen vart vedteken.

Sak 23/20-21 Aktuell info frå Elevråd, FAU, Skulen/SFO og Hovudutval Barn & Unge

Elevråd:

Årsmelding er ferdig. Har tenkt å gje is eller gåvekort på is til alle klassane. Gledingskonkurransen er avslutta, vellukka. Engasjerte elevar.

FAU:

Arbeider med å få nye FAU-Kontakter og sikre foreldrekontaktar. Laga møteplan for neste år.

Skulen/SFO:

Like mange elevar for neste år, det betyr at det er trangt om plassen. For neste år er det tre klasserom for lite, vi må bruke alternative rom. Det er lite plass og mangel på grupperom. Ønske om å gjere mediateket i c-bygget om til grupperom.

Hovudutval Barn&Unge:

Jærskulen – Klepp valte å vere med som eit prosjekt. Forslaget nå er å gå inn som fullt medlem, dette skal nå opp i kommunestyret.

Tertialrapporten – økonomien er ok. Sjukefråværet totalt i avdelingane er mykje høgare nå enn før.

Klepp kommune, 09.06.21

Sylvia Gjersdal
Rektor